

# Førebyggande arbeid, rutinar og handlingsplan for eit godt elevmiljø ved Os gymnas.



## Hovudmålet er

- **Å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak, der alle elevane blir sett og tatt vare på**
- **Å forhindre mobbing og skape /ivareta eit godt elev- og læringsmiljø ved skulen**

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulemiljøet skal i tillegg fremme elevanes helse, trivnad og læring. (Utdrag frå Opplæringslova kap.9A)

## INNSATSOMRÅDE:

- **1) Førebygging**
- **2) Rutinar som skal følgjast ved mistanke om mobbing**
- **3) Rutinar for å handsame mobbesaker**

## Viktige ressurspersonar ved skulen:

Rektor: Kjersti Daland

Rådgjevar: Terje Bøthun

Kontaktlærarane

Avdelingsleiar for elevtenester og språk/samfunnsfag: Hilde Paaske-Knauer

Helsesjukepleiar: Annika Andersland

## 1) Førebyggande arbeid

**Skulen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i dette kapittelet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet. (Opplæringslova §9 A-4)**

**Skuleleiinga har ansvar for å:**

- Informere elvane om rettleiaren ved skulestart
- Å presentere viktige ressurspersonar for elevane og gjere skulens arbeid mot mobbing godt kjent
- Å samarbeide med elevrådet om trivnadsfremjande og haldningsskapande tiltak
- I samarbeid med kontaktlærer og faglærarar legge til rette for at trivsel og haldningsskapande arbeid vert knytt til arbeidet i klasserommet
- Å legge til rette for samarbeid mellom skule og eksterne aktørar
- Å legge til rette for samarbeid med elev/lærlingombodet og mobbeombodet
- At miljøarbeid vert knytt til læreplanmål og overordna del av læreplanen

**Kontaktlærer** har eit særleg ansvar for å skape eit godt miljø i klassen. Saman med **avdelingsleiar for elevtenester** skal skulen ha bli-kjent-øvingar i august som gjer at elevane blir kjent med kvarandre. Her er det både i klasserommet, ein halv aktivitetsdag for VG1-elevane, men òg ein turdag for heile skulen. Kontaktlærer har samtaler med alle elevane sine, der trivsel òg er ein viktig del av samtalen. Kontaktlærer samarbeider med dei andre på skulen om klassemiljøet, men har eit særskilt ansvar for sin klasse.

**Avdelingsleiar for elevtenester** samarbeider med elevrådet om skulemiljøet, og har fokus på trivselsfremjande arbeid ved skulen. Saman med representantar frå elevrådet deltek avdelingsleiar på Skulemiljøkonferansen i september. Trivnadsfremjande tiltak ved skulen kan mellom anna vere bli-kjent-øker, aktivitetsdagar, juleball. Avdelingsleiar er òg den i leiinga som har ansvar for eit samarbeid med eksterne aktørar som kan bidra til eit betre miljø ved skulen.

**Rådgjevar** samarbeider med rådgjevarane på ungdomsskulen. Vi jobbar aktivt for å bryte opp uheldige konstallasjonar.

**Alle lærarar** har eit ansvar for å sørge for eit godt miljø i gruppene sine.

**Helsesjukepleiar** har samtaler med alle elevane i Vg1. Slik blir dei kjent med ordninga.

**Leiinga** har eit overordna ansvar for å sjå til at undersøkingar som kan avdekke mobbing vert gjennomførte. Skulen gjennomfører elevundersøkinga kvart år. Leiinga ved skulen legger til rette for at eksterne instansar, som til dømes politiet, kan bidra med øker til nettvett.

**Alle tilsette** har eit ansvar for vere med på å gi elevane eit godtmiljø ved skulen.

## **Førebygging i samarbeid med kommune og foreldre**

*Skuleleiinga har ansvar for:*

- å informere om skulen sin miljøplan på skulen si heimeside og på foreldremøte
- å utvikle samarbeid mellom skule, skulemiljøutval og foreldre når det gjeld miljøarbeid
- gjennomføring av Elevundersøkinga, som kartlegging og som kjelde til særskilte satsingsområde
- å samarbeide med ungdomsskular gjennom rådgjevarnettverk, SLT

## **2) Rutinar ved mistanke om mobbing**

**Alle** tilsette ved skulen har ansvar for å

- **følge med og gripe inn der elevar blir mobba**
- **varsle rektor**

Rektor skal syte for at alle som jobber på skulen veit at dei har plikt til å gripe inn, og at dei veit korleis dei skal gjere dette.

Skuleleiinga har i samråd med for eksempel kontaktlærer/faglærarar eller andre på skulen, eit ansvar for å

- **undersøke og sette inn tiltak**

Når tilsette ved skulen får mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt, blir aktivitetsplikta til skulen utløyst. Dette vil sei at skulen må følgje ekstra godt med, må gripe inn der dei kan og dei må varsle rektor/skuleeigar.

Skulen må vurdere kva for strakstiltak som må settes inn på same tid som undersøking blir sett i verk.

**Alle på skulen skal følgje med på elevmiljøet og reagere på**

- informasjon dei får frå ein elev om at han/ho ikkje trivst, blir mobba eller ikkje har det bra
- informasjon dei får frå føresette eller medelevar om at nokon blir mobba eller ikkje har det bra

- åtfærd som kan tyde på at eleven ikkje har det bra og blir mobba
- elevar som er mykje åleine, blir utestengde, eller som får tvetydige kommentarar frå medelevar
- når medelevar ofte seier noko negativt eller «morosamt», bruker kallenamn, lagar lydar eller bruker eit kroppsspråk som tyder på at dei kanskje mobbar ein elev.
- beskjedar ein får frå ein elev eller andre om mobbing i sosiale medier

**Det skal vere låg terskel for å melde inn til rektor om mistanke om mobbing.**

**Når eleven opplever mobbing eller trakassering:**

Dersom du sjølv eller medelevar blir utsett for mobbing eller trakassering, bør du seie frå til ein vaksen på skulen, t.d. kontaktlærer eller rådgjevar. Skulen skal legge til rette for at det er enkelt for elevar å melde frå når dei ikkje har det bra.

**Når foreldre/føresette er bekymra:**

Foreldre/føresette bør ta kontakt med skulen om dei er bekymra for ungdommen sin via kontaktinformasjon på skulen si heimeside,

t.d. rådgjevar Terje Bøthun (56565756), avdelingsleiar for elevtenester Hilde Paaske-Knauer (56565757), rektor Kjersti Daland(56565752) eller kontaktlærer.

**3) Rutinar for å handsome mobbesaker**

Skuleleiinga har i samråd med for eksempel kontaktlærer/faglærarar eller andre på skulen, eit ansvar for å

- **undersøke og sette inn tiltak**
- **og dokumentere** kva skulen har gjort

Skulen må vurdere kva for strakstiltak som må settes inn på same tid som undersøking blir sett i verk.

Det er viktig å undersøke kva som gjer at ein elev ikkje har det trygt og godt. Undersøkinga skal bidra til at skulen finn og set i verk treffsikre tiltak.

Alt som blir gjort i saka skal dokumenterast av skulen. Meir informasjon om aktivitetsplikta finn du kapittel 9A i opplæringslova og hos UDIR

I fyrste omgang skriv skulen ein aktivitetsplan, med innspel frå eleven og føresette, og som delast med elev og føresette.

**I aktivitetsplanen skal det minimum stå**

problem som skal løysast

kva skolen har planlagt

når tiltaka skal gjennomførast

kven som er ansvarleg

når tiltaka skal evaluerast

Deretter skal det vere jamnlege samtaler med den som har blitt utsett for mobbing, for å sikre at skulen verkeleg har fått slutt på dette. Planen endres viss ein ser at tiltaka ikkje fører fram. Det er særst viktig å vere oppmerksom på oppstarten ved neste skuleår, og følge saka over lang tid.

**Andre som kan hjelpe:**

Mobbeombodet i Vestland: Mari-Kristine Morberg

<https://www.vestlandfylke.no/mobbeombodet>

Elev/lærlingombodet i Vestland: Sigrid Isdal

<https://www.vestlandfylke.no/elevoglarlingombod>

## Handlingsplan for miljøarbeidet ved skulen

Mål	Konkret tiltak	Ansvar	Når
Skulen skal ha best mogleg oversikt over miljøet blant ungdommen på skulen	<p>Gjennomføre Elevundersøkinga og UNGDATA</p> <p>Kontaktlærarar og faglærarar følgjer med i sine klassar.</p> <p>Ta opp elevmiljø og mobbing som tema på elevrådsmøte.</p> <p>Elevane blir oppfordra til å kontakte vaksne ved bekymring om at dei sjølv eller andre elevar ved skulen ikkje har det bra</p>	<p>Rune Rosland</p> <p>Kontaktlærarar og faglærarar</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, Elevrådet</p> <p>Kontaktlærarar, avdelingsleiar for elevtenester</p>	<p>Desember Våren</p> <p>Heile skuleåret</p> <p>Elevrådsdag, vinter</p> <p>Ved skulestart</p>
Skulen skal sørge for at tilsette, elevar og føresette veit korleis vi går fram når det er mistanke om eller om nokon blir mobba.	<p>Informasjon til tilsette på planleggingsdag eller personalmøte. Denne vert òg lagt ut på Its learning.</p> <p>Informasjon vert gjeven til elevar og føresette på Its learning og skulen si heimeside.</p> <p>Informasjon vert òg gjeven munnleg på første foreldremøte i VG1.</p> <p>Besøke alle klassane og informere om skulens ressursteam. Informere blant lærarane om skulens handlingsplan, og kva ein skal gjere ved mistanke om mobbing.</p>	<p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, Maaike van Langen</p> <p>Ressursteam Skuleleiinga</p>	

	<p>Undersøke og gjennomføre samtalar ved mistanke om mobbing eller eit dårleg elevmiljø</p> <p>Samarbeide med skulehelsetjenesten: helsesjukepleiar (helsesøster) og psykolog.</p> <p>Ha eit tett samarbeid med elevrådet om skulens miljø. Ha elevmiljø som tema på Elevrådsdagen</p>	<p>Skuleleiing, kontaktlærarar, faglærarar</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, alle tilsette</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, elevråd</p>	
<p>Skulen skal ha god oversikt over tilbod som finst i Bjørnafjorden kommune og ha eit tett samarbeid med desse.</p>	<p>SLT-møter på koordinerande og utøvande nivå. Her får ein god oversikt over arbeid i ungdomsmiljøet i Bjørnafjorden kommune.</p> <p>Samarbeid med Os vgs og ungdomsskulane i Bjørnafjorden kommune der det er saker som går på tvers av skulane.</p> <p>Samarbeid med politiet</p>	<p>Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Skuleleiinga, rådgjevar</p> <p>Skuleleiinga, rådgjevar</p>	<p>Heile skuleåret</p> <p>Ved behov</p>
<p>Ha eit godt samarbeid med elevrådet om haldningsskapande og trivnadsfremjande tiltak</p>	<p>Samarbeide med elevrådets trivselskomité om tiltak i klassar, i friminutt, og ved særskilte elevarrangement som til dømes elevstyrt aktivitetsdag.</p> <p>Invitere Elev/lærlingeombodet</p>	<p>Hilde Paaske-Knauer, lærarar, Kjersti Daland, elevrådet</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p>	<p>Heile skuleåret</p>

	<p>eller mobbeombodet til elevrådsdagen eller elevrådsmøte.</p> <p>Invitere elevane til å komme med innspel om tiltak som kan skape gode haldningar og eit godt miljø.</p>	Hilde Paaske-Knauer, lærarar	
Trygg russetid	<p>Følgje opplæringsavdelinga sine føringar for organisering av russefeiring. Informasjon til alle tilsette ved skulen om dette.</p> <p>Samarbeide med russen og skrive avtale om russereglement.</p> <p>Samarbeide med kontaktlærarane i VG3.</p> <p>Samarbeide med politiet, undervisning for elevane om nettvett.</p> <p>Samarbeide med helsesjukepleiar.</p>	<p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Skuleleiinga</p> <p>Kjersti Daland</p> <p>Skuleleiinga</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Ressursteam og skuleleiing</p>	<p>Heile skuleåret</p> <p>Våren</p> <p>Heile skuleåret</p>
Skulen skal ha god oversikt over korleis vi kan gå fram vidare i vanskelege saker	Ha kontakt inn mot Mobbeombodet, Elev- og lærlingombodet, politiet, og ressurspersonar i Bjørnafjorden kommune.	Skuleleiinga	
Informere om miljøarbeid og samarbeid med elever i Skulemiljøutvalget	Ta opp mobbing og førebyggjande arbeid som tema på møte i skulemiljøutvalet.	Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer	Vår



Sørge for at eit godt miljø / mobbing som fagleg tema blir knytt opp mot læreplanmål og den overordna delen av læreplanen	Trekke inn det førebyggjande arbeidet ved skulen som ein del av arbeidet med den nye overordna læreplanen, og i faga med det tverrfaglege temaet <i>folkehelse og livsmeistring</i>	Skuleleiinga	Oppstart skuleåret 21-22
---	---	--------------	--------------------------